



Er det fotografen sjølv og T-forden hans?

Ragnhild Mjør skriv om dei 2 utlagte bilete at Sandvikelio og ikkje Ljosneslio er garden der dei er tekne. Det må då vera T-forden til Normann som står der og det skulle då ikkje forundra Ragnhild om det var fotografen sjølv som sit oppi bakken. Det hende at han plasserte både seg sjølv og bilen i landskapet før han tok bildet.

Når det gjeld mannen i båten tvilar Ragnhild på at det var 'besten i Lio' Han var ikkje mørk og slank slik ho hugsar han.

- Men den krangelen kan Ragnhild og fetter Kjell ta på kammerset, skriv ho og underteknar 'halvblods kvinnhering og stolt av det'